Nye Ålesund kommune
Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

# Møtereferat

**Delprosjekt: Matrikkel, kart og oppmåling**
**Møtestad: Ørskog Rådhus**
**Dato: 30.10.2017**
**Tid: kl.09.30–14.30**
**Møteleiar: Per Anders Aure**

| Deltakarar: | Kommune/repr. |
|---|---|
| **Per Anders Aure** | ***Ålesund*** |
| **Knut Helge Skare** | ***Ålesund*** |
| **Bent Leite** | ***Skodje*** |
| **Knut Berg** | ***Skodje*** |
| **Kjetil Grytten** | ***Haram*** |
| **Haldor Lillebø** | ***Tillitsvald*** |
| **Sol Slinning** | ***Sandøy*** |
| **Kim Andre Breivik (forfall)** | ***Sandøy*** |
| **Beate Furstrand (ref.)** | ***Ørskog*** |

**Saksliste:**

1. Gjennomgå møtereferatet fra sist møte i Skodje den 02.10.2017.

2. Gjennomgå vedtak i sak 023/17 i Fellesnemnda sitt møte den 26.10.2017 som knyttes til hvilke vegnavn som skal endres.

   Fordele ansvar til en fra hver kommune for å iverksette nødvendig saksbehandling knyttet til endring av vegnavn.

   Gjennomgå fremdriftsplan for etablering av nye vegnavn.

   Er det behov for ekstra ressurser i noen av kommunen for å få dette arbeidet utført ?

   Gjennomgå rutiner for at det ikke blir «kollisjon» ift. nye vegnavn i de enkelte kommuner.

   Bli enige om et opplegg for hvordan tilbakemelding om status til dette arbeidet skal gis.

3. Knut Helge gjennomgår status på arbeidet som har med GEOsynkronisering av kartdata, valg av forvaltningsløsning. Knut Helge orienterer om møtet med Jonny Indrevåg og Øivind Hagen.

4. Gå igjennom fremdriftsplanen som ligger i prosjektportalen.

5. Eventuelt.

**Referat og konklusjonar:**

| | Sak | Ansvar/ tidsfrist |
|---|---|---|
| 1 | Gjennomgang av møtereferat i frå 02.10.17.<br>Ingen merknad | |
| 2 | Gjennomgang av Fellesnemnda si sak 023/17 | |
| 2.1 | Ansvar for å sette i verk naudsynt handsaming knyta til endring av vegnamn vart fordelt.<br>Sandøy: Sol Slinning<br>Haram: Kjetil Grytten<br>Skodje: Bent Leite<br>Ålesund: Knut Helge Skare<br>Ørskog: Beate Furstrand | Sol, Kjetil, Bent, Knut Helge, Beate |
| 2.2 | Det skal utformast notat til Anne Berit om at det vil vere naudsynt med ekstra midlar til overtid for tilsette som skal utføre arbeidet. | Per Anders |
| 2.3 | Følgjande rutinar skal følgjast:<br>- Ein i frå administrasjonen i kvar kommune skal følgje møta der forslag til namn oppstår.<br>- Nye namneforslag skal inn i lista namneforslag.<br>- Liste over alle vedtekne vegnamn skal nyttast aktivt(Knut Helge utarbeidar denne). Nye vedtekne namn skal inn i lista omgåande.<br><br>Listene skal ligge i SharePoint – A8 Matrikkel, kart, oppmåling – Dokumenter<br><br>Gatekoder skal nyttast som i dag. | Alle |

| | | |
|---|---|---|
| | Det skal lagast ein felles tekst som kan nyttast som innleiing i politisk sak for namnenemd/-utval | Knut Helge |
| 2.4 | Status for arbeidet med endring av vegnamn skal gis av den enkelte på A8 møter. | Alle |
| 3 | For å kunne komme i mål med ei forvaltningsløysning til kartdata meina gruppa at det må ut på anbod.<br><br>For å kome i gong med prosessen er følgjande i frå A8 gruppa valt:<br>Knut Helge Skare<br>Knut Berg<br>Kjetil Grytten.<br><br>Per Anders tar kontakt med gruppa for plan (Ingunn Stette), og gruppa for VAR (Kim Andre) for å avklare og samkjøre prosessen med desse fagområda.<br><br>*Kommentar i frå Per Anders i etterkant av møte: Dette er eit initiativ til å danne ei fagleg arbeidsgruppe på tvers av delprosjekt. Arbeidsgruppa melder tilbake til A8.* | Knut Helge, Knut, Kjetil<br><br><br><br><br><br><br>Per Anders |
| 4 | Framdriftsplanen vart gått igjennom og endringar vart lagt inn i SharePoint. Framdriftsplanen lyt endrast fortløpande. | Per Anders |
| 5.1 | Prosess-nye vegnamn:<br>Stadnamnlova har krav om offentleg ettersyn matrikkellova har ikkje krav om dette. Kommunane har noko ulike framgangsmåtar ved namnevedtak. Kvar kommune skal køyre den prosessen som er gjort tidlegare mht namnevedtak.<br>Saka vert tatt opp igjen neste møte. | |
| 5.2 | Offentleggjering av namneendringane<br>Det vert førespurt Anne Berit Emblem/Anne Bente Skjellum om orientering av Fellesnemnda si sak 023/17 i media.<br><br>Orientering skal ut på kommunane sine heimesider.<br><br>Det skal lagast ein fellestekst til orientering. | Per Anders<br><br><br><br>Alle<br><br>Bent |
| 5.3 | Prioritet hos namnekonsulentane:<br>Det er ønskjeleg at kommunar som skal slåast i saman får prioritet hos namnekonsulentane. Dette skal takast opp med Anne Berit. | Per Anders |
| 5.4 | Orientering til kartverket:<br>Kopi av dokument som vert sendt namnekonsulentane skal sendast | Alle |

| | | |
|---|---|---|
| | kartverket. | |
| 5.5 | Vegnett:<br>Statens kartverk har etablert/oppdatert vegnett for Skodje kommune.<br>Det er ønskjeleg at alle kommunane vert gjennomgått.<br>Statens kartverk skal kontaktast for å forhøyre seg om moglegheitene for dette. | Kjetil |
| 5.6 | Kretsdata:<br>Det skal haldast val for Nye Ålesund hausten 2019. Ein får då ein situasjon der ein person vil vere registrert under grunnkrets og skulekrets for «gamle Ålesund» og valkrets for Nye Ålesund.<br>Statens kartverk skal kontaktast for å høyre om mogleg konfliktar ved dette. | Kjetil |
| 5.7 | Access base for vegar som ikkje er opparbeida.<br>Ålesund kommune har ein Access base med vegar som ikkje er bygd, men har fått namn, er lista.<br>Om dei andre kommunane har slike vegar så kan dette leggjast inn i ein felles Access base. | |
| 5.8 | Lokal adresseføreskrift.<br>Ørskog kommune har lokal adresseføreskrift. Denne lyt opphevast i frå 01.01.2020. Det skal sjekkast kva prosedyrar dette lyt følgje. | Beate |
| 5.9 | Det skal lagast utkast til ROS analyse for prosjektarbeidet til neste møte i Sandøy. | Sol |
| 5.10 | Mari Sæther og Sindre Rovde (ekommune Sunnmøre) skal inviterast til møte i desember. | Per Anders |